



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - DESEMBER 2023

28. ÅRGANG

Barnehagen på veg til kyrkja!

Meir om besøket side 2



Foto: Tormod Lien

Velsigna julehøgtid!

Med Jesus på ryggen

Av Tormod Lien



Lang, lang rekke frå Tresfjord barnehage til Kyrkjestova.

Soknerådet i Tresfjord er på trass av snøen allereie blitt våryr. For å gje barna i Tresfjord barnehage litt avveksling, vart dei i vinter invitert av soknerådet i bygda til Kyrkjestova og sjølv kyrkja. Dei 20 barna med tilsette, gjekk heile vegen frå barnehagen til kyrkja.

I solskin og minus 8 grader, tar Magnhild Bjermeland og Ellen Andreassen imot sine gjester med eit stort smil. Det er vanskeleg å ikkje føle seg velkommen, når damene i soknerådet smiler om kapp med sola, før dei set barna i aktivitet. Barneflokket er frå 2 til 6 år, medan dei minste er att i barnehagen. Dette tiltaket for første gong, har allereie gitt meirsmak. Både leiinga i barnehagen og soknerådet var så tilfreds med besøket, at dei ser positivt på at dette kan bli ein tradisjon, både til jul og påske.

Utkledd som Jesus

Barna fann seg fort til rette i Kyrkjestova, der dei teikna og laga påskepynt som dei seinare skal pynte opp kyrkja med. I godt selskap går ein time veldig fort. Før turen til kyrkja, vart det enkelt måltid med pølser med brød.

Trusopplærar Ingvild Venås Sanches tok imot barna i kyrkja, for ei stund med påskevandring. Først fekk dei hjelp med å henge opp påskepynten og teikningane sine. Trusopplæraren fekk med seg barna på eit spennande rollespel, der kostymer og andre rekvisittar vart tekne i bruk. Ingvild las frå alle fire påskeevangelia, der ho tok med det som var mest eigna til rollespel med barn. Barna tok oppgåvene utruleg fort. Midtgangen i kyrkja var arena, der to av barna vart utkledd som esel med Jesus på ryggen.

Med beina i vaskefatet

Lengst framme i kyrkja vart det ei ny samling. Ingvild lurte på om nokon ville vere Jesus, som denne gongen skulle vaske føtene slik det står i påskeevangeliet. Eit av barna retta opp handa. Som Jesus, putta han beina i vaskefatet med vatn og litt såpe. Barna ler og synest dette er artig. Så tek Ingvild barna med seg på ein påskeprat som ho kallar påskevandring. Målet er at barna skal få litt kjennskap til kristne høgtider, merkedagar og tradisjonar.

Vibeke Hjelvik Bratshaug, pedagogisk leiar for dei minste, og Camilla Hole, pedagogisk leiar for dei litt større barna, synest at dette var eit godt tiltak. Dei ser sjansane for at tilsvarande besøk kan gjenta seg. Men å love noko, kunne dei ikkje gjer då det er mange omsyn å ta.



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Ivar Magne Bergheim, Nils-Berge Sundfør, Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

*

Vi er avhengige av gaver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.
Vippsnummeret er: 511986

Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.

Josef og Jesusbarnet

Per Inge Vik, vikarprest i Vestnes



Hausten 2018 og 2019 var eg sjømannsprest på Gran Canaria. I kyrkjerommet på sjømannskyrka i Arguineguin står der ein skulptur framme til venstre for alteret. Det er Josef med Jesusbarnet på armen. Jula sitt barn, som vi snart på nytt skal feire. Denne jula vil eg tenke litt ekstra på Josef.

Det er ikkje alltid at alt vi hadde tenkt og drøymt om i livet, blir perfekt innfridd. Eg trur at den unge mannen som var forlova med Maria i Nasaret, hadde det slik. «Det kan bli fint likevel» er tittelen på ei bok som kom ut for eit par år sidan, skriven av forfattar og prest Jostein Ørum. Den handlar om handverkaren frå Nasaret. Han held eit barn på armen sin.

Livet blei ikkje som Josef hadde tenkt. Når drømmedama venta barn, og han visste godt at han ikkje var faren! Korleis var det å vere Josef då? Livet blei snudd ganske opp ned. Han hadde fridd til Maria, og bryllaupet var planlagt. Men så kom det fram at Maria gjekk med eit barn i magen. Oi oi, kva gjorde han no? Skulle han slå opp? Ja, hadde han noko alternativ? I den situasjonen fortel evangelia at det kom ein engel til Josef i ein draum. Dermed fekk han hjelp til å sortere tankane sine.

Snikkaren Josef, han er den mannen som heile tida står i bakgrunnen. Han er ikkje sitert med ei einaste setning i Bibelen. Likevel, han var ein viktig person i Jesus sin barn-dom og ungdom. Han passa godt på Jesu mor, ikkje minst under den strevsame, og ubeleilege turen dei måtte ta til Betlehem medan Maria var høggravid.



Etter fødselen i Betlehem blei det ei endå meir dramatisk reise. Den gjekk til Egypt for å kome unna den maktsjuke Herodes, som prøvde å ta livet av Jesusbarnet. Då dei kom trygt heim att til Nasaret etter eit par år som flykningar, kunne Josef ta opp att handverket sitt. Eg tenkjer at han ofte tok med seg gutungen Jesus i snikkarboda. Lærte han opp i tømmermannsfaget. Josef var ein trygg farsfigur for eit barn som han ikkje

var biologisk far til. Det var nok endå vanskelegare i miljøet og kulturen den gongen enn det er i vår kultur. Ein heidersmann var han.

Josef er eit eksempel på at det kan bli fint likevel, sjølv når ikkje alt går slik vi hadde håpa på, og tenkt oss. Det går ein veg vidare. Vi kan med forventning sjå framover, ta dei neste stega. Om ikkje alt er perfekt i livet vårt denne jula. Det kan bli fint likevel. Eg ønskjer alle ei velsigna jul!

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon: 45502815 (jobb)/ 91865064 (privat)

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 94169153(jobb)/ 91629416(privat)

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Schjøtt, sokneprest

Telefon: 92046870(jobb)/ 92046814(privat)

E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

Per Inge Vik, vikarprest

Telefon: 91810751(privat)

E-post: peringevik@gmail.com

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 94160429(jobb)/ 97499175(privat)

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærer

Telefon: 94142364(jobb)/ 41472908(privat)

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor

Telefon: 92226151

E-post: jostein-maude@hotmail.com

Andrew Lange, kyrkjetenar Telefon: 40548156


Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ikkje ut til påske som tidlegare, men planen er at det skal komme i begynnelsen av mai.

Eg er så glad kvar julekveld

Min julesalme – ved Jostein Maude, kantor (organist) i Vestnes



Eg har valt denne julesalmen fordi eg sjølv var organist i Ålesund kyrkje i 8 år, og ein av etterfølgjarane til organist Peder Knudsen. At Ålesund har sin eigen julesalme er i seg sjølv ein attraksjon. Når heile Noreg syng salmen julaftan, er det og spesielt. Dei fleste veit nok ikkje at melodien har sitt opphav i Ålesund.

"Eg er så glad kvar julekveld" er ein heilnorsk julesong skrive på Toten i 1859 av Marie Wexelsen. Salmen er omsett til nynorsk av presten Bernt Anker i 1906. Melodien er laga av organist Peder Knudsen, same året som Marie Wexelsen skreiv songen på bokmål.



Peder Knudsen kom til Ålesund i 1859 og han var den fyrste organisten i byen. Peder var son av ein husmann frå Vågå. Det var lenge ei gåte kven som hadde sett melodi til julesalmen, men stordalingen Peder Jøsvoll løyste gåta. Han visste at det var Peder Knudsen som sette tonen til julesongen. Peder fekk eit kort organistliv i Ålesund. Peder Knudsen var fødd i 1819 og døydd i 1863. Han var organist i Ålesund i fire år.

Det finst få kvinnelege forfattarar av julesalmar. "Å jul med di glede" er skriven av prestefrua Gustava Kielland. Julesalmane til Gustava Kielland og Marie Wexelsen er kanskje av dei mest kjære julesalmane vi har.

Marie Wexelsen døydd ugift i Trondheim i 1911. I gravferda song born: "Jeg er så glad hver julekveld". Det vert hevda at gravsteinen hennar var betalt av pengar som barn skaffa til veie

*Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd.
Då lyste stjerna som ei sol, og englar song så søtt.*

*Det vesle barn i Betlehem, han var ein konge stor,
som kom frå høge himmelborg ned til vår arme jord.*

*No bur han i sin himmelheim, han er Guds eigen Son.
Men alltid minnest han dei små som bed med tru og von.*

*Eg er så glad kvar julekveld, då syng me Jesu pris,
då lèt han opp for alle små sitt vene paradis.*

*Ho mor ho kveikjer alle ljøs, dei skin i kvar ei krå,
for heile verda, seier ho, skal julestjerna sjå.*

*Ho seier stjerna skin enno og aldri slokna kan,
og får ho skina på min veg, då finn eg himlens land.*

*Ho seier alle englar syng enno om fred på jord,
at himlen like open er Guds kjærleik like stor.*

*Å, gjev eg kunne syngja så, då vart visst Jesus glad,
for eg vart òg Guds kjære barn ein gong i dåpens bad!*

*Eg er så glad kvar julekveld, så glad i Jesus Krist,
og at han også elskar meg, det veit eg sant og visst.*

Kyrkjeverja sitt hjørne

Vi har lagt bak oss ein innhaldsrik haust i kyrkja. Førbuving og gjennomføring av Kyrkjevalet tok mykje tid, og både tilsette og frivillige har gjort ein stor innsats. Dei nye sokneråda tok til å fungere frå 1. november, og har allerede kome godt i gang. Eg vil takke alle dei som var villige å stå på listene til soknerådsvalet, og ønskje dei lukke til i jobben som no er påbegynt. Alle 5 sokn i vårt fellesrådsområde hadde større oppslutning ved valet enn landsgjennomsnittet. Det skal vi vere fornøgd med, sjølv om vi hadde ønska at endå fleire ville bruke stemmeretten sin.

Deler av gjerdet ved Vågstranda kyrkje blei sist vinter øydelagt av snøen. Det er no ordna og står sterkare enn tidlegare. Vike kyrkje har fått automatisk ringing. Klokkene som var der var for små til at vi kunne bruke dei til automatisk ringing. Vi fekk derfor ny og større klokke som gjorde at vi kunne få ordna med det. I Vike kyrkje har vi endeleg fått installert ny bergvarmepumpe etter at den gamle kollapsa

i fjor. Det har gått over 1 år sidan vi bestilte ny frå Tyskland, men på grunn av forseinkingar hos produsenten kom den til oss først i oktober. I investeringsbudsjettet for 2024 har vi søkt om midlar til namna minnelund for urner. Vi håpar at det skal bli mogleg å få gjennomført.

Vi står no framføre desember månad, og det er kanskje den månaden i året med flest arrangement i våre kyrkjer. Det blir halde gudstenester for skuleklassar, besøk i barnehagar, adventskonsertar og julekonsertar, og i tillegg kjem alt anna av ordinære ting som går føre seg. Følg med på våre nettsider og i lokalpressa for tidspunkt når dei ulike arrangementa skjer.

Til slutt vil eg på vegne av staben ønskje alle våre lesarar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år.

Og hugs: Ta godt vare på kvarandre

Olav Egil

Min julesong

Tormod Lien i samtale med Amandus Utgård Andreassen



Kyrkjebladet fekk nyleg ein prat med ein av kommunens komande konfirmantar. Amandus Utgård Andreassen er ein sjarmerande og reflektert gut på 14 år, som er klar for å stå som kyrkjeleg konfirmant. Det valet står han for. Samtalen føregjeng ved Sjøfronten i Vestnes.

Amandus bur saman med mor Kamilla og søster Lea i flott bustad på Daugstad. Storebror Emil er framleis opptatt med arbeid i Miami, der også far Johan har sitt virke.

14-åringen fortel at han har få minner om norske julesongar. Dei første ti leveåra budde han sju år saman med familien i Miami. Frå oppveksten hugsar han derimot godt julesongen "Last Christmas". Amandus som har lært den på engelsk, oversett første verset til norsk:

"LAST CHRISTMAS"

Sist jul ga jeg deg mitt hjerte
Men allerede dagen etter
ga du den bort
I år for å redde meg fra tårer
Jeg vil gi den til noen spesiell"

Det er tydeleg at songen framleis vekker gode minner. Amandus fortel at han alltid kjem i julestemning når han høyrer denne songen, ein song han føler har fylgt han heile livet. Han var lite i Miami i jula, då han feira jul saman med familien, enten hos mormor og morfar på Vestnes, eller farmor og farfar på Daugstad.

- Sju år i Miami var veldig annleis. Det var mykje lekser, men heldigvis også mykje fotball i regi av Juventus-akademiet. Eg gjekk på ein kristen skule, og kvar måndag var me i kyrkja. Der opptredde me med ulike fram-syningar. Alle elevane var kledd likt i uniformsskjorter. Eg meiner at eg ikkje har tatt skade av den strenge oppveksten, seier tenåringen Amandus Utgård Andreassen, som nynnar litt på julesongen "Last Christmas".

Levande preike til liten og stor

Av Tormod Lien

På tradisjonelt vis, markerer også våre kyrkjer hausttakkefest. Vågstranda kyrkje hadde si markering søndag 22. oktober. Dei som deltok frå 1. og 5. klassetrinn fekk utdelt kvar si kyrkjebok og mange skattar frå Bibelen. Diakon Ellen Edvardsen preika på ein levande måte, medan organist Jostein Maude krydra hausttakkefesten på sin måte.

På hausttakkefest takkar vi Gud for alt det gode jorda gjev, og blir minna om å ta vare på jorda. Hausttakkefesten er ei takke-gudsteneste for årets grøde. Hausttakkefest har blitt feira i Den norske kyrkje sidan 1899.

- Hausttakkefesten markerar takksemd for heile skapar-verket. Ved å takke for haustens avling, seier vi takk for at Gud gir oss det vi har bruk for til livets opphald. I vårt Fadervår ber vi om at Gud vil gi oss vårt daglege brød. Denne gudstenesta er folkets takk, fordi vi får det vi treng. Hausttakkefesten gir rom for takksemd for alt som veks og gror, der vi vender oss til Gud med vår takk, forklarar Ellen Edvardsen etter gudstenesta.

I Vågstranda kyrkje deltok tre jenter frå 1. klassetrinn med song, etter litt øving på førehand. Ellen Edvardsen, som også var ein aktiv forsongar, dramatiserte preika over teksta i Lukas 15,11-24. Den barnevenlege diakonen nådde fram med bibelteksta både til liten og stor. Dei minste sat lyttande og stille i



Diakon Ellen Edvardsen deler ut Kyrkjeboka til 1.klassingane Leila Madelen, Liv Tuva, Emilie og femteklassingen Fredrik. Litlesøstera til Liv Tuva, treåringen Tiril, var aktiv saman med dei store både i song og elles.

midtgangen under heile preika. Ellen tok av seg prestekjolen og formidla bibelteksta med fleire kostymeskit.

Under kyrkjekaffien var det fleire som takka diakonen for måten ho klarte å formidle preika til dei minste på. Det var tydeleg at dei vel 40 framkomte treivst i kyrkja med jordas grøde og haustlauv i midtgangen.

Björg Helgetun (84) - et aktivt liv

Av Tormod Lien

"Det var noen gjetere der i nærheten som var ute og holdt nattevakt over sauene sine. Med ett stod en Herrens engel foran dem, og Herrens herlighet lyste om dem. De ble meget forferdet. Men engelen sa til dem: Frykt ikke! Jeg kommer til dere med bud om en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Kristus, Herren".



Som den naturligste ting i verden, henter Björg Helgetun fra Daugstad fram en godt brukt Bibel. Hun leser disse fire versa fra fortellingen med innlevelse, som handler om Jesu fødsel (Juleevangeliet). Nå bor hun alene, etter at hun ble enke for fem år siden, i en lun og fin leilighet i Trappeskulen i Vestnes sentrum. Hun legger fra seg Bibelen, forteller at versa fra Lukas-evangeliet har betydd mye for henne.

Den gode samtalen

Björg ser tilbake på et langt liv, og er takknemlig for det gode livet hun har fått. Hun tenker tilbake til Daugstad, der hun opplevde en trygg og god oppvekst i en søskenflokk på sju.

Björg fødd Hustad, ble gift med Oddvar. Begge hadde sitt arbeid på Tresfjord skule, før de flyttet til Rauma i 1974. De fikk tre barn og sju barnebarn.

Björg fyller 85 år i januar, en alder som er vanskelig å begripe. Hun er reflektert, våken og samfunnsorientert. Hun vegrer seg litt for å åpne seg i Kyrkjebladet. Etter litt overtaling går samtalen videre.

Over 50 barn i søndagsskolen

I arbeid på Daugstad, Åndalsnes og Isfjorden, har hun til sammen lagt bak seg om lag 30 år i søndagsskolens tjeneste. Det viser også en utmerkelse hun har fått fra Søndagsskolen sentralt, der det blant anna står: Din trofaste tjeneste blant barna i søndagsskolen er kjent for oss, og har gjort oss både takknemlige og glade. Ved din troskap gjennom mange år har du vært et godt eksempel for oss alle. Søndagsskolen hilser med tekst fra Åpenbaringen, kapittel 19 vers 7: "La oss glede og fryde oss og gi ham æren".

På Daugstad var det i tillegg til den populære søndagsskolen, et aktivt bedehusmiljø både for de yngste og de som var med i yngres. Björg var med i begge noen år. -Jeg husker nok søndagsskolen best, ei tid som er vanskelig å glemme. Over 50 barn gikk da på søndags-

skolen, som er helt utenkelig i dag. Jeg tenker ofte tilbake på denne tiden. Da vi kom flyttende tilbake til Vestnes etter 40 år i Rauma, var det spesielt å møte tidligere "søndagsskolebarn" som kom bort til meg å sa; "vi husker godt at du hadde oss på søndagsskolen."

- Da vi flyttet videre til Isfjorden i 1980, ble jeg spurt om å være leder i en gutteforening. Annen hver uke i 25 år var jeg sammen med 15-16 gutter i alderen 6-12 år.

Den kristne kulturarven

Björg vokste opp i et kristent hjem, og har vært aktiv i kristent arbeid fra tidlig i 20-årene. Hun sier selv hun har vært heldig, som har holdt seg frisk hele livet, snart 85 år. Oppgående som hun er, følger hun godt med på det som rører seg i verden. Björg legger ikke skjul på redselen for at den kristne kulturarven forsvinner fra den oppvoksende slekt. Den fortsatt engasjerte pensjonisten syns det er trist at det kristne arbeidet blir nedprioritert. Hun syns også det er trist at søndagsskoler blir lagt ned i mange bygder. Det samme mener hun om alle bedehusa som får samme skjebne.

Juleevangeliet på julekvelden

- Vi har det bra som pensjonister i dag. Jeg har gode dager, selv om det å bli alene er en stor forandring. Dagene går til små turer, lesing og handarbeid. Etter regntunge sommerdager, har vi nå hatt flere fine høstdager med masse fine farger. På slike dager går jeg gjerne turer der jeg nyter alt som er vakkert, sier Björg som også holder bilen sin i bevegelse.

Björg har også vært aktiv innen kommunepolitikken. Hun kom først på liste for KrF i Rauma, ble formann i 6 år og innvalgt i kommunestyret og formannskapet i tre perioder. Hun vet sjøl hvorfor helsa er så god, hun tar tran hver dag hele året.

Når jula blir nevnt, sier Björg at juleevangeliet alltid har hørt med julekvelden. Etter hvert har nå barnebarna tatt over med å lese det. Hun husker fra sin egen barndom at det var juletreffest på ungdomshuset 2. juledag og litt senere på bedehuset. 2-3 ringer rundt treet kan hun huske.

- Nå går vi inn i adventstida, og snart er det jul. Derfor vil jeg hilse til alle lesere av bladet, med et vers fra en salme jeg er så glad i, avslutter Björg Helgetun, klar for årets julehøytid.

*Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,
der samles mine tanker som i en hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt!*

Lysglobe i gåve til Tresfjord kyrkje

Av Tormod Lien

No har også Tresfjord kyrkje fått sin eigen lysglobe. Ein heimelaga med sjel, utforma slik ein lysglobe skal vere. Handverket er laga og gitt bort gratis til soknerådet i bygda av tresfjordingen Odd Kjetil Løvik.

- Globen var eit bestillingsverk, der ein i soknerådet ringte meg for å høyre om det var mogleg å lage. Trur eg svarte ja med ein gong, då eg fekk frie tøyler med beina og kransen. Sjølve symbolikken med kors og lys må sjølvstekt vere med, fortel Løvik.

Utan stress, vart den flotte lysgloben ferdig etter tre månader, slik at Løvik fekk sette den på plass i kyrkja til sjølve Helgemessesøndag i november i fjor.

Flammen frå Kristuslyset

- Det var ei stor ære for meg å få lov til å bidra med ein lysglobe som alle kan bruke. Føtene på globen skapte eg frå min eigen fantasi, men den symboliserer to par hender som held heile jordkloden, fortel kunstnaren bak lysgloben, Odd Kjetil Løvik.

Den glade gjevar frå Tresfjord forklarar at globen er eit symbol på jorda der menneskja lever. Mange ser på sirkelen som eit symbol på evigheita. Lyset som står tent i sentrum, symboliserer Kristus som verdens lys. Rundt



Kunstnar og gjevar Odd Kjetil Løvik og leiar i Tresfjord sokneråd, Ellen Andreassen

Kristuslyset er det plass til mange lys som tennast med flammen frå Kristuslyset

- Vi i soknerådet er både audmjuke og glade for ei slik storslegen gåve. Vi var innstilte på ein innsamlingsaksjon, men det slapp vi når Løvik fortalte at lysgloben er ei gåve. Globen er godt synleg, plassert under preikestolen. Vi ønskjer at den skal bli flittig brukt. Ved seinare høve kan vi bruke den i liturgisk samanheng når det høver, men framfor alt så er den til bruk for alle. Tenn eit lys, i sorg, i glede, i takk med forbøn. Tenn eit lys når du har behov for det, fortel Ellen Andreassen, leiar i Tresfjord sokneråd.

Ofring rundt alteret i gudstenesta

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

Dei fleste kyrkjer og bedehus har for lengst teke i bruk Vipps når det gjeld ofring i gudstenesta og på møter. Dette er ei fin ordning i desse digitale tider, og når det er ofring i gudstenesta, sit kyrkjelyden og tastar på mobilen medan organisten spelar.

Men til all lukke, er det nokre som har kontantar og frimodig tek turen rundt alteret. Men først etter å ha sett seg litt spørjande rundt, er det berre eg som skal gå?

Så no vil eg gjerne gjennom Kyrkjebladet kome med ei oppfordring til den som orienterer om ofringa og kven som får ho: Orienter om at ein gjerne kan ta turen rundt alteret sjølv om ein brukar Vipps. Då trur eg fleire vil ta turen rundt alteret, også dei med kontantar.


Det ville vera fint om ein kunne halde fram med ein godt innarbeida tradisjon i gudstenesta. Om du har betalt via Vipps eller med kontantar spelar inga rolle.



Offer-skåla i Tresfjord kyrkje.

Spedalske-luke i Tresfjord kyrkje? Neppe!

Tekst og bilete: Martinus Løvik



Mange vil ha lagt merke til at på korveggen bak altaret i Tresfjord kyrkje, der 'kyrkjeblokka' (ein kopi) no er hengt opp, ser det ut som det har vore ei luke i veggen. Denne luka har eg aldri sett omtala i noka skriftleg kjelde, men som barn vart eg fortalt av far (Sigurd Løvik, 1899-1979) at her hadde det tidlegare vore ei luke i veggen som dei spedalske kunne få nattverden gjennom. Far si bestemor, Sigrid, var diagnostisert som spedalsk. Ein kunne tenkje seg at familien av den grunn kanskje var spesielt opptekne av spedalske-historia, og hadde teke vare på minna om bruk av denne luka. Det er likevel tvilsamt om dette verkeleg er ei spedalske-luke.


Dei spedalske var frå gamalt av «levande døde» og fekk ikkje komme inn i kyrkja; akkurat korleis dette var på 1800-talet i Tresfjord, kjenner eg ikkje til. Men spedalske var det mange av i bygdene våre heilt fram til dei siste ti-åra av 1800-talet. Les ein Olav Rekdals Bygdebok for Tresfjord, finn ein 'spedalsk' og 'spedalske' fleire stader. Armauer Hansen, legen som i 1873 oppdaga lepra-basillen som er årsak til spedalskheit (lepra), studerte førekomsten av spedalskheit i bygdene i Vestnes kommune rundt 1870. Han fann om lag 70 tilfelle i det som no er Vestnes kommune. Forfattaren si oldemor, far si bestemor, Sigrid Larsdotter Løvik f. Talberg (1840-1880) var mellom dei som Armauer Hansen registrerte som spedalsk. Ho døydd berre 40 år gamal.

Luka i korveggen er stor nok og har ei plassering i høveleg høgd over golvet og nær altaret, noko som ut frå ei praktisk vurdering skulle gjere det godt mogleg at det verkeleg var ei spedalskeluke her. Det er berre ein hake ved denne tolkinga – på utsida av austveggen i koret der luka er, endar sørveggen på sakristiet om lag midt på der luka er. Det ser ut til å vere ei fri spalte på berre

10-15 cm breidde på utsida av sakristiveggen til å gje nattverden gjennom. Derfor, rimelegvis berre om sakristiet vart bygd til nokre år etter at resten av kyrkja var ferdig, kunne det ha vore ei spedalske-luke her. Eg kjenner ikkje til noko informasjon om at sakristiet skulle vere sett opp seinare enn resten av kyrkjebygget, men det er ei moglegheit som for ordens skuld bør bli nærare undersøkt. Iallfall er luka eit mysterium, regelmessig og fin som den er med svakt bua overkant, slik ein kunne tenkje seg ei ekte 'spedalskeluke' ville vere.

Fleire stavkyrkjer har små opningar i veggene som gjerne blir kalla spedalske-luker eller lepra-luker, men som har hatt usikker funksjon og knapt hadde noko med dei spedalske å gjere. Gjerne er det ofte meir ei turist-guide-forklaring på luka. Somme kyrkjer har likevel større luker med høveleg plassering i korveggen, som meir truleg var for dei spedalske. Eit døme skal vere Fantoft stavkyrkje ved Bergen, opphавеleg frå Fortun i Sogn og bygd på 1200-talet. Denne kyrkja vart sagt å ha ei slik spedalske-luke i korveggen, utanom fleire mindre gluggar. Om Reinli stavkyrkje i Valdres kan me òg lese at «I en luke på veggen kunne de spedalske skrifte og ta i mot nattverden.» Også Fåvang kyrkje vart sagt å ha ei spedalskeluke, men bruken av desse lukene er som sagt ofte usikker. Spedalske-luker er heller ikkje kjent frå dei andre kyrkjene på våre kantar som er like gamle eller eldre enn Tresfjord kyrkje frå 1828. Somme fagfolk meiner vi heilt bør gløyme idéen om spedalske-luker i kyrkjene.

I Tresfjord sit vi slik att med spørsmålet om kva denne opninga i korveggen har tent til. Vart kanskje sakristiet likevel bygd til nokre år etter at resten av kyrkja var sett opp?



Takk til Martinus Løvik (1943-2023)

Av Per Bjørn Ellingseter



Martinus Løvik har vore ein tru-fast medarbeidar i Kyrkjebladet for Vestnes. Han kom med første bidraget sitt til påskenummeret i 2019, og sidan det har han levert mange viktige og leseverdige artiklar.

Ved sida av mange andre interesseområde, var Martinus særleg oppteken av kyrkjesoge, og då særleg kyrkjekunst og symbolikk. Her leverte han mange viktige artiklar, mellom anna til Vestnes sogelag og Romsdal sogelag sine årsskrift, og ikkje minst til jubileumsboka for Vestnes kyrkje som kom ut i 2022. Studia hans av symbolikken på dei gamle gravminna er viktig dokumentasjon, og forvitneleg lesnad. Han hadde, som få eller ingen andre, stor kunnskap om den rike utsmykkinga i Tresfjordkyrkja, og som den flinke formidlaren han var, delte han velviljug kunnskapen sin med andre på ein spanande og interessant måte.

Martinus var med i redaksjonen av Kyrkjebladet frå og med 2019 til og med 2022. Den første artikkelen han leverte, handla om det som han kalla «min påskesalme». Det var Blix-salmen *Sjå dagen sprett, i austerøtt!* Mange av den litt eldre årgang vil minnast denne salmen som ein mykje brukt morgonsalme i skulen. Martinus fortel at dei også i Tresfjord-skulen ofte sto ved pultane sine og song denne salmen til start på skuledagen, under leiing av lærar Nils Aanes. Martinus skriv: «Den fyller meg framleis med ei god, varm kjensle. Det

skulen og Aanes slik gav oss, vil nok fylgje meg til veggjende. Får borna med seg slike gaver frå skulen no?». Eit viktig spørsmål, og svaret veit vi.

Det siste stykket frå Martinus si hand finn vi i dette Kyrkjebladet, det har ligge på vent for å få plass.

Mange av Martinus sine bidrag toler klart å bli lesne ein gong til, og dersom du ikkje har teke vare på blada, får du dei sikkert hos Reidun på kyrkjekontoret. Årgangane frå og med 2010 kan du elles lese på nettsida til kyrkjene i Vestnes www.vestnes.kyrkja.no.

På vegne av lesarane av Kyrkjebladet vil eg takke for alt det Martinus har gjort for å hjelpe til med å løfte bladet opp til eit kvalitetsnivå av høgste klasse. Som ei siste helsing frå lesarane vil eg ta med det tredje verset av det han kalla for «sin» påskesalme:

*I all mi gjerd
på livsens ferd
ditt ord mitt ljøs må vera!
Gud, styr min stamn
til himmelhamn
i Jesu namn!
Så skal nok båten bera*



Detalj frå Fiksdal kyrkje

Foto og tekst: Ivar Magne Bergheim

I samband med Fiksdal kyrkje sitt 100-årsjubileum i 1966, vart det sett i gang eit stort restaureringsarbeid. Målerikonservator Ola Sæter frå Betna tok på seg det store arbeidet med å restaurere altertavla og preikestolen, men også mykje anna av inventaret. Mellom anna måla han fyllingane i gallerifronten. Utanom dekoren på dei andre fyllingane, måla han fire motiv frå Jesu liv: Fødselen i Betlehem, krossfestinga på Golgata, den stengte og den opne grava.

Her ser vi julemotivet: Fødselen i Betlehem.



Ståande applaus i Vestnes kyrkje

Av Tormod Lien



Fem samspelte musikarar: Halvor Hovden, Mads Hugo Frostad, Trond Salthammer. Knut Olav Skrove og Sven Bernt Ellingsæter.

Soknerådet i Vestnes stod for godt over ti konsertar og arrangement i fjor då Vestnes kyrkje fylte 150 år. Siste konserten i jubileumsrekka var i januar i år, med salmediktaren Svein Ellingsen. Med kompisdirigentane Jostein Maude og Richard Powell, vart det fleire konsertar, denne gong i mars med Tomrefjord songlag.

Koret, som også er arrangør, fekk med seg dyktige og lokale musikarar, der dei saman delte både nytt og gammalt innan song og musikk. Med ordførar Randi Bergundhaugen som toastmaster, vart dette ei perfekt konsertoppleving for ei nesten fullsett kyrkje.

Toastmaster måtte le litt då ho introduserte korets første innslag, "Visst skal våren komme". Ute var det ein tjukk snøkave. Nesten mellom kvart innslag kom toastmaster med litt historikk om dei ulike innslaga, noko publikum tydelegvis sette pris på. Slik vi kjenner vår ordførar, veit vi at ho er tydeleg i talen. Som konsertens raude tråd, var denne oppgåva ikkje noko unntak.

Ønskjer fleire songarar

Med ein tøff pandemi bak seg, var det kjekt med gjen-syn både med kor og lokale musikarar. Knut Olav Skrove - trekkspel, Trond Salthammer - gitar, Mads Hugo Frostad - trommer, Halvor Hovden - bass og Sven B. Ellingsæter - saksofon. Spesielt denne gong var at korets dirigent Jostein Maude fekk med seg den tidlegare dirigenten Richard Powell.

Tomrefjord songlag, som er kommunens einaste kor som øver fast ein gong i veka, har mykje fart og moro med seg, takka vere tusenkunstnar og dirigent, organist, pianist og komponist Jostein Maude. Han veit heilt klart kva han gjer, sjølv om det ikkje alltid verkar slik. Han fortel at koret har om lag 30 deltakarar og at dei ønskjer fleire.

Dirigenten lova på førehand at denne konserten vil skape fyrverkeri i kyrkja. Med tanke på all salutten både i ord og tone, så har han sine ord i behald. Det vart ein veldig variert og sterk konsert med både a capella, song og musikk med både flygel og band.

Urframføring av koret

- "The prayer" er ein heilt ny song for koret, og vart ut-gitt i mars 1999. Songen vart også nominert til Oscar året etter. Songen var ei urframføring for koret.

Det same var også neste song : "Mary did you know", som er ein julesong, der Jesu mor er sentral i teksta, fortalde den engasjerte Randi Bergundhaugen i rolla som toastmaster.

Veldig fortent fekk kor, musikarar, dirigentar og andre ein ståande applaus som nesten ikkje tok slutt. Ut av kyrkja var det fleire som ga uttrykk for at dei gler seg til neste gong med Tomrefjord songlag, som neste år fyller 70 år.



Med Powell og Maude på si høgre side, takka toastmaster alle som deltok. Ei nesten fullsett kyrkje kvitterte med ståande applaus.

Høgtideleg opningsfest i Fiksdal

Av Tormod Lien



Kari Nakken er klar med saksa og erklærer Storsalen for opna. Ivar Magne Bergheim, som leia festen, tek over vervet etter Kari. Med Kåre Gunnar Djupvik som snoransvarleg, var det ikkje eit avvik å spore.

Ein søndag før sommaren, var det duka til fest i Fiksdal, då den flotte Storsalen i Kyrkjelydshuset var klar for opning. Mange prominente gjestar var på plass i ein fullsett sal. Hovudpersonen Kari Nakken har vore den einaste styreleiar i over 30 år. Sambygdingen Ivar Magne Bergheim som leia festen, tek over det viktige leiarvervet. Blir han leiar like lenge som Kari, blir han bygdas eldste styreleiar. Sjølv seier Kari at det var på tide å gje seg no etter over 30 år.

I tillegg til blomster både til Kari og mannen Harald, vart Kari beden om å klippe snora og erklære storsalen for opna. Snorhjelparar var Kåre Gunnar Djupvik og Dagrunn Gjølsten. Ivar Magne er glad for å hylle ekteparet Nakken for det arbeidet dei har lagt ned i heile huset.

Mange talar, helsingar, flott kakebord, song og musikk gjorde festen akkurat høgtideleg nok og samtidig avslappa som ein slik fest skal vere. Rikeleg med kaker og god stemning gjennom tre timar. Kantor, mannskor, Lars Josteins band, ordførar, mange styre, profesjonell operasjonar, dugnadsarbeidarar, innbedne gjestar og mange andre. Ikkje overraskande var det Kari Nakken som fekk den største æra. Andre måtte ta eit skritt bak.

Kari med krykker som Kongen

- Det er ikkje lett å gje frå seg "barnet", men det som veg opp det heile, er at styret for Kyrkjelydshuset får ein dyktig leiar i Ivar Magne Bergheim, seier avgått leiar, Kari Nakken. Etter å ha mottatt blomsterhelsing frå ny-

valt leiar, seier Kari at ho har ei avsløring ho vil dele.

- Det er alltid stort å få pengegåver, når eine prosjektet avløyser det andre. Eg hugsar første gongen vi mottok ei anonym gåve på 10.000 kroner. No så lenge etter, kan eg avsløre det. Det var Harald, mannen min som var gjevaren, humrar Kari.

Ein av grunnane for at ho no gjer frå seg leiarvervet, er helsa. Ho hinkar rundt mellom borda med krykke og helsar på dei fleste. Ho samanlikna seg sjølv med Kongen som gjekk med krykker samtidig. Alt til sin tid.

Storsalen med sine 147 kvadratmeter, som bygda no er stolt av, har plass til minst 120 personar. Ivar Magne forsøkte å takke alle som har bidrege. Kantor Jostein Maude og Lars Josteins fekk med seg folket til å syngje "Han skal opne perleporten".



Flott storsal med nydeleg lyssetting, kan endeleg ta imot folket til opningsfest.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2023

Alle foto: Kari Utgård



Tomrefjord-konfirmantar



Helland-konfirmantar



Vågstranda-, Vike- og Tresfjord-konfirmantar



Fiksdal-konfirmantar



Spennande og viktig konfirmasjonstid

Tekst og foto: Tormod Lien

Eit nytt kull konfirmantar er i emning, der 73 ungdomar frå heile kommunen skal konfirmerast neste år. Dette vart markert med ei koseleg samling ved Gapahuken i Kråkvika i midten av september. Konfirmantlærarane var ingen ringare enn sokneprest John Sylte og soknerådsleiar Nina Kvernmo, med god hjelp frå fleire foreldre.

Slike samlingar med komande konfirmantar, har blitt ein årleg tradisjon for dei som har valt kyrkjeleg konfirmasjon. Haustens samling er ikkje noko unntak. Det høyrst godt når så mange tenåringer samlast til pølsefest i skogen.

Gruppeaktivitetar

Fem og fem fekk bunde saman venstre og høgre fot. Slik skal gruppa bevege seg i terrenget, for å kjenne litt på samhandling og omsorg.

I temaet tru og tillit, lagar gruppa ei rekke etter kvarandre. Første person i rekka er leiar. Dei andre legg hendene på skuldra til den framfor og lukkar auga. Slik går dei i terrenget, der nr.1 fortel nr.2 korleis terrenget ser ut. Nr.2 fortel nestemann og vidare.

Ei anna oppgåve er at gruppene lagar eit naturbilete som illustrerer liv og død. Ei av gruppene løyste oppgåvene slik: Inni ei ramme som vart laga av kvistar, var eit grønt og friskt blad som symboliserte sjølv livet. Eit kors av kvist og ein stein som gravstøtte illustrerte døden. Enkelt laga, men samtidig ein tankevekkande bodskap.



Ei av jentegruppene med Lone lengst til venstre.

Viktige refleksjonar

Etter øvingane samtalar gruppene om det dei har utført. Her stiller dei spørsmål til kvarandre som gruppa svarar på. Kva vil det seie å ha tillit til Gud? Kva betyr liv og død for deg? Det var to av fleire spørsmål som vart lagt fram i gruppene, men svara heldt dei tett til brystet. Lone i ei av jentegruppene syntest aktivitetane var heilt greie. Ho meldte på vegne av gruppa at dei har sett kor viktig det er å hjelpe kvarandre.



Kveldens høgdepunkt og kampen om å vinne. Jamnt mellom Helland og Tomrefjord i tautrekking.

Pølsefest og tautrekking

Kveldens høgdepunkt var ikkje berre pølsene. Den siste aktiviteten var nemleg tautrekking. Då hadde gruppene blitt så vande med kvarandre at her stilte jenter og gutar på same lag. John prest la alt til rette for ein spennande konkurranse. Her var det ikkje snakk om at det viktigaste var å delta. Her var det siger som gjaldt. Med ti og ti på kvart lag, var dei i full gang. Første runde var dei som tilhøyrer Helland mot Tomrefjord. Etter jubelen å dømme, var det laget frå Tomrefjord som vant.

Alt i alt var det ein bra gjeng, som har ei viktig konfirmasjonstid framføre seg. Neste år står 73 ungdomar frå heile kommunen som konfirmantar i kyrkjene våre.

Gudsteneste i Bårdsnesosen i Tomrefjord

Av Audbjørg Gjerde Lippert



Bårdsnesosen har blitt eit mykje brukt område til ulike tilstellingar dei siste åra. Før var det nok berre ein populær badebass som tiltrekte seg mange. Også eit område som i seinare tid er nytta av skulen som ligg rett ovanfor. Som kjent har her vore store konsertar dei siste to åra og litt av kvart både i paviljongen

og i uteområdet. Søndag 13. august var det gudsteneste der for Vestnes sokn. Det er blitt vanleg med ein del utegudstenester på naturområde i seinare tid. Gudstenesta blei halden inne i paviljongen der, men mange kosa seg på benkane ute før og etter gudstenesta. Det var godt frammøte frå heile soknet.

Finn Arne Roaldsnes var prest denne dagen. Han heldt ei god preike og viste stort engasjement for jobben sin der. Samtidig la han god vekt på salmane som skulle

syngast og øvde litt saman med publikum før dei blei sungne som del av gudstenesta.

Gunnar Ajer var pianist til salmar og liturgi. I tillegg song han nokre songar som solo under gudstenesta. Ajer har vakker stemme som mange liker å lytte til.

På slutten av gudstenesta var det servering av kaker og kaffi som ein kunne kose seg med inne eller ute. Ei slik gudsteneste gjer at dei som kjem, får delta i ei meir sosial samling med prat og avslapping før og etter. Dei fleste av oss liker vel helst gå i kyrkja på gudsteneste til vanleg, men nokre unntak og variantar kan vere godt.

Etter at sjølve gudstenesta var over, blei Roaldsnes beden om å velsigne Paviljongen, noko han sa ja til. Det var høgtideleg og godt å tenkje på at Paviljongen har fått Guds velsigning.

Etter dette kunne vi trekkje oss heim igjen med ei god kjensle av det vi hadde opplevd på gudstenesta ute i paviljongen i Bårdsnesosen, som er eit utruleg vakkert naturområde.

Konfirmantjubileum i Fiksdal

Av Ivar Magne Bergheim

Tradisjonen tru hadde Fiksdal sokneråd i samarbeid med Fiksdal kyrkjelydshus invitert til konfirmantjubileum søndag 27. august. Dei siste åra har to kull vorte samanslegne då det i soknet ofte ikkje er så mange konfirmantar i kvart kull. Dette har vore vellukka, og til saman var 16 av 50- og 51-årsjubilantane samla. Under gudstenesta vart desse, i tillegg til neste års konfirmantar, presenterte for kyrkjelyden. Mykje er endra både av konfirmantførebuing og konfirmasjonsgudsteneste i løpet av 50 år. Overhøringa i kyrkja kunne vere nervepirrande der konfirmantane stod langs midtgangen, og der ein og ein vart stilt spørsmål av presten. For 1972-årgangen var Odd Hellebust konfirmantprest, for 1973-årgangen var det Magne Gudvangen, som byrja tenesta si i september i 1972.

Etter gudstenesta var jubilantane inviterte til Fiksdal kyrkjelydshus til flott middag og kaffi. Praten sat laust, og det var god stemning. Mange minner dukka opp, og kvar enkelt fekk komme med ein liten statusrapport. Fleire hadde ikkje sett kvarandre sidan dei gjekk ut frå ungdomsskulen. Likevel var det ikkje vanskeleg å finne samtaleemne. Gamle klassebilete og konfirmasjonsbilete dukka også opp, så her var det berre å finne ut om noko hadde endra seg sidan starten på 70-talet!



Frå venstre, bak, 1972-kullet: May Venke Slemmen, Unni Marie Lien, Inger Beate Grytten, Bente Silvana Rolland, Synnøve Tetli, Kari Anita Herje, Arnhild Engeset, Solveig Gjelsten, Knut Per Bergheim, Karsten Fiksdal og Einar Børge Pickard. Frå venstre, framme, 1973-kullet: Kurt Ove Ellingseter, Ivar Magne Bergheim, Kjell Ove Liabø, Børge Johan Nakken og Ingunn Helen Ellingseter.

Foto: Anne-Grethe Stige Bergheim

Arnfinn Stige, allsidig styrar på Vestheim ungdomssenter i 26 år

Av Nils-Berge Sundfør

Her i byrjinga av oktober møtte Kyrkjebladet Arnfinn Stige utafor Vestheim ungdomssenter på Vestnes. I heile sitt yrkesliv har Arnfinn vore knytt til Misjonssambandet på eit eller anna vis. Han har reist som forkynnar, vore misjonær i Indonesia og krinsleiar på Helgeland før styrarjobb på Vestheim. I sommar takka han av etter nærare 26 år i styrarjobben. Då hadde Region Nordvest av Misjonssambandet eit lengre intervju med han, og Kyrkjebladet sper på med litt frå dette intervjuet i praten med Arnfinn.

Indonesia og Mosjøen

Etter ferdige studiar på Misjonshøgskulen i Oslo i 1981 var planen å reise ut som misjonær til Indonesia saman med kona Anne-Gro. Men visum let vente på seg, så i mellomtida reiste Arnfinn som forkynnar både på landsplan og lokalt. Først etter tre år sette dei kursen mot Indonesia.

«Dei fire åra i Indonesia var ei spanande og lærerik tid. Vi var ein del av den første gruppa norske misjonærar på Sumatra. Det er mykje ein vågar når ein er ung! Vi stod klare til ei ny periode i 1989, men tilhøva ute hadde blitt så vanskelege at vi måtte avlyse utreisa», fortel Arnfinn.

I 1990 gjekk turen til Helgeland og Mosjøen som krinsleiar, og der vart dei verande i seks år, minus eitt år då han var heimeverande husfar på Vestnes. Alt i 1983 kjøpte Arnfinn hus i Vestnesbukta, men leigde det ut medan dei var i Indonesia og i Mosjøen. No bur han og Ellen i nytt hus i Åsbygda.

Sorga og gleda dei vandrar i saman

Etter Helgeland vart Vestnes heimstaden til Arnfinn, Anne-Gro og dei tre gutane Martin, Andreas og Kristoffer. Det vart nokre gode år, men i 2000 vart Anne-Gro sjuk. Det vart oppdaga svulst på hjernen, men etter ein vellykka operasjon kunne Anne-Gro halde fram med arbeidet i barnehagen.

Tretten år seinare var kreften tilbake og legane kunne ikkje gjere meir. «Alvoret seig inn, men i det vanskelege hadde vi det også fint. Som personar var vi nokså sindige begge to, og vi kjende oss trygge i trua og Guds nåde. Og god omsorg fekk vi frå familie og vener», fortel Arnfinn. Anne-Gro døydde 20. desember 2013.

Sorg og sagn til trass måtte livet vidare. 1. juli 2017 vart ein gledens dag. På bursdagen til Arnfinn vart han og Ellen vigde til ektefolk. Ellen hadde også mista ektefellen sin til kreft. Saman har ho og Arnfinn bygd seg nytt hus med nydeleg utsikt over Vestnes. «Vestheim ser vi også, berre nokre tre som står litt i veggen», slår Arnfinn fast.

Leir og oppvekst

Arnfinn var mykje på leir på Vestheim i oppveksten. «Leirane har betydd veldig mykje, fortel han, «her fekk eg vener og frimod til å vera ein meir framoverlent kristen, her vart eg godt utrusta».

Far til Arnfinn var frå Engesetdalen, han var lærar og levde slik han lærde. Og med mor frå Fræna, hadde dei heimen



Arnfinn framføre det nye inngangspartiet.

sin på Bud dei fire første åra før dei flytta til Stette i Skodje kommune. Oppveksten var solid, men miljøet han opplevde på Vestheim fekk han ikkje på heimplassen.

Vestheim ungdomssenter

Etter Mosjøen vart det eit år som forkynnar på landsplan før Arnfinn blei spurt om å ta over på Vestheim etter Roar Johansen som då slutta 1. september 1997. Og sidan han og familien budde på Vestnes, var det lett å seie ja til stillinga. Først i halv stilling, etter to år full stilling. Det har vorte travle år, her har han sprunge mellom grytene på kjøkenet, talarstolen i møtesalen eller kanskje var det eit tett toalett som måtte fiksast. Bryllaup eller gravferd, barneleir eller KrF's fylkesstyre; Vestheim er staden. Arnfinn fiksa festmiddag eller suppe, og gjerne nokre talaroppdrag innimellom. «Men eg har trivdest, denne allsidigheita og variasjonen i oppgåvene har passa meg godt», seier Arnfinn.

Renovering og tilbygg

I 2018 vart kjøkkenet totalrenovert, og to år seinare tok ein i bruk nytt flott inngangsparti med hall og toalettavdeling. Det var den midtre delen av bygget frå 1960 som då sto for tur, golvkaldt og rått som det var der. Tidlegare har også internatdelen blitt oppgradert slik at det no er toalett og dusj på alle rom. Det vart også bora 240 meter etter jordvarme som no gir godt tilskott til oppvarming av nybygget og varmt vatn.

Utleige

Vestheim fungerer no som bedehus i bygda, og Vestnes misjonsforsamling har møta sine her. Forutan Norsk Luthersk Misjonssamband og Indremisjonsforbundet sin bruk av Vestheim til leirar og barne- og ungdomsarbeid, leiger Den Norske kyrkja, både lokalt og Møre bispedømme lokale her. I seinare år har også den Den katolske kyrkja og Den burmesiske kyrkja i Ålesund bruka staden til leirverksemd. Mange leiger og til private arrangement som konfirmasjonar, fødselsdagar, minnesamvær og styremøter. Vestnes og Vestheim ligg midt i fylket, det gir høve til god møteplass frå sør og nord.

Gode år på Vestheim

Arnfinn takkar for åra på Vestheim, gode år der han har blitt kjend med mange kjekke folk, både unge og gamle. Han nemner og Vestheim for dei som ikkje har noko kristent miljø eller kristne vener på heimstaden. Her kan ein få påfyll og opplæring og finne vener for livet.

Vestheim har alltid vore avhengig av støtte og omsorg, og



Arnfinn i foajéen.

den store friviljuge dugnadsinnsatsen frå folk som er glade i Vestheim, har vore til god hjelp. Det er gildt at folk bryr seg om arbeidet, og held fram med å sende barn og barnebarn hit, sluttar Arnfinn. Og Kyrkjebladet ynskjer Arnfinn Stige gode pensjonistår framover, arbeidslaus vert han truleg ikkje.

Kyrkjebasaren gjekk tom for potetball

Av Tormod Lien

Ein onsdag i oktober, dagen før den tradisjonelle ball-dagen på torsdagar, vart det tidvis lang kø framføre ballgrytene på Vestheim ungdomssenter. Kyrkjebasar og ball-dag er tydeleg ein god match. Vestnes sitt gamle sokneråd, som no er ferdig med sin fireårsperiode, er arrangør til arrangementet dei har lagt til Vestheim. No er det nye kostar som tek over.

Potetball smakar godt året rundt, uavhengig av dag, blir det sagt allereie i køa. Kva som er sjølv årsaka til den gode stemninga er uvisst, men latter og prat høyrer heile tida, der trivsfaktoren er høg. Kjøkkengjengen og andre hjelparar utgjer det gamle soknerådet som no går av. Dette blir deira siste heftige arrangement. Dette soknerådet har god erfaring med store arrangement, då dei i fjor feira Vestnes kyrkje sitt 150-årsjubileum

Gjekk tom for potetball

Dei på kjøkkenet meiner at alle fekk sin ballporsjon, sjølv om



Berre lukta av potetballen, så kjem smilet fram hos Magnhild og Harald Bjermeland.



Tomme ballgryter på kjøkkenet, etter at det gamle soknerådet har gjort ein kjempeinnsats. Per Ottar Bjørdalsbakke, Kari Moe Elgsås, Håvard Skrede, Peggy Engås, Tone Fjærtøft Aas, Ingvar Eidsvik, Randi Kleve Bredeli og Nina Kvernmo.

dei vart heilt utselt til slutt. Over 100 balletarar tømte grytene på kjøkenet. Til slutt var det berre ballsuppe att. Det var ikkje berre ball som vart servert av det blide og samkøyrde soknerådet. Kaffi og kaker smakar godt etter eit slikt måltid. Det var heller ikkje mykje kaker som stod igjen då alle var forsynt.

Etter at potetballen har sett seg godt, kjem to kjente karer med kvart sitt trekkspele. Gunnar Rafteset og Knut Olav Skrove meistra oppgåva si. Slikt blir det vakre trekkspeletonar av.

Under slike arrangement høyrer også loddsal med, eller rettare sagt sal av årar. Det er alltid spennande å vinne, sjølv om nokre av gevinstane kanskje hamnar i ei skuffe, eller blir til gevinstar neste år. Det siste på programmet er trekning på bøkene. Då har det gått tre timar sidan dei første fekk sine ballporsjonar servert.

Stor songkveld i Fiksdal

Ivar Magne Bergheim



Om lag åtti tilhørarar hadde teke turen til Fiksdal kyrkjelydshus måndag 23. oktober for å vere med på songkveld. Jard og Carina Samuelson var på noregsturné, og hadde lagt turen hit denne kvelden. Ei bursdagsfeiring på Austlandet saman med nokre felles kjente, resulterte i Fiksdal som einaste stoppestad mellom Trondheim og Bergen.

Jard er ein av «brødrene Samuelsons» som var svært populære med sine glade songar med kristne tekstar i country-gospel og svensktoppstil på 1970 og 80-talet. Gruppa var populær i alle dei nordiske landa, samt i USA, men reiste også andre stader. No er det berre Jard som reiser med desse songane saman med kona Carina. Dei legg ut på noregsturné om lag ein gong i året.

Eit varierende repertoar saman med gode historier og klåre vitnesbyrd skapte varme og begeistring i salen. Mange som

aldri hadde vore på kyrkjelydshuset hadde teke turen denne kvelden, og det var tydeleg at sjanger og budskap gjekk inn hos forsamlinga. To ekstranummer måtte til. Carina fortalte mellom anna om arbeidet sitt i Svenska Kyrkan blant ungdom. Eit utfordrande og meningsfullt arbeid, som skaper håp og tryggleik blant dei unge. Jard formidla personlege opplevingar som han også knytte til tekstane, og dette gjorde inntrykk på forsamlinga. Mange kjente og kjære songar dukka opp, og forsamlinga song med på mange av dei.

Med «Barnatro» som ønskje frå salen og siste nummer, takka dei for seg og ga tydeleg uttrykk for at også dei hadde hatt ei fin oppleving denne kvelden, og at dei gjerne ville komme tilbake om anledninga baud seg.



Felles misjonsgudsteneste i Fiksdal kyrkje

Ivar Magne Bergheim

Søndag 29. oktober var det felles misjonsgudsteneste for alle sokna i Vestnes. Ei slik gudsteneste blir gjennomført ein gong i året, og denne gongen var ho lagt til Fiksdal kyrkje. Kwart sokn har sitt misjonsprosjekt dei støttar, og denne søndagen var fokuset retta på Madagaskar, som er Fiksdal sokn sitt prosjekt. Det er stor breidde i arbeidet, med mellom anna teologisk utdanning, jordbruksretta opplæring, diakoniarbeid og arbeid blant barn og unge.

Nær åtti frå store delar av kommunen hadde møtt fram på denne fine haustdagen. Vikarprest Per Inge Vik forretta, der det var både dåp, nattverd og korsong. Ein av dei komande konfirmantane var også med og gjorde ulike tenester gjennom gudstenesta. Denne søndagen var bots- og bønedag, der hovudtema var å kjempe for Guds rike. Både gjennom preike og forbøn hadde misjon ein sentral plass, der misjonsongane «Reis deg Guds menighet» og «Din rikssak, Jesus, være skal» var med.

Mannskoret «Kor Herrleg» gjorde gudstenesta til ei ekstra fin oppleving. Etter at dei hadde sunge «Med Jesus vil eg fara», kunne kyrkjelyden ta del i kyrkjekaffien som soknerådet hadde ordna.



«Kor Herrleg»

Det bur ein pilegrim i oss alle

Av Tormod Lien

Om lag 30 pilegrimsvenner møtte i Vestnes kyrkje tidlegare i år. Det er undervisningsutvalet i Vestnes sokneråd med Tone Roaldsnes i spissen som står som arrangør. Temakvelden vart ei spennande reise langs den flotte kysten vår. Før foredrags-haldaren fekk ordet, ønskja Roaldsnes alle velkommen og orienterte litt om det å vere engasjert i Kystpilegrimsleia.

Tone hadde valt ut salmane som skulle syngast, der den første var "Vi er eit folk på vandring". Vår alles eminente og engasjerande organist, Jostein Maude, deltok både med song og musikk.

Pilegrim betyr ein framand

Foredragshaldaren, Laila Helene Støen frå Trondheim, er godt kjent med både Pilegrimssenteret på Smøla og Kystpilegrimsleia i landet vårt. Ho er styremedlem av Pilegrimsforbundet i Norge, og organiserar frivillig pilegrimsarbeid.

- Ordet pilegrim betyr ein framand. Tida har nok endra seg. Sjølv om noko er likt, så er ikkje pilegrimsferd det same no som det var for hundreår tilbake i tid, sa Støen.

Ho fortalde om sitt eige "pilegrimsliv". Ho var sterkt involvert i arbeidet med Kystpilegrimsleia gjennom jobb innan reiseliv i 2014. I 2016 fekk ho ansvar for å koordinere arbeidet på strekninga frå Kristiansund til Trondheim fram til godkjenning som offisiell St. Olavsveg til Nidaros i 2018. Dette var berre noko av pilegrimslivet ho delte med forsamlinga.

- Kystpilegrimsleia, som vart offisielt opna i 2018, inneheld 26 nøkkelstadar av historisk verdi. Våre tre næraste er den kjente og heilage Veøy, samt Borgund kyrkje og Giske kyrkje, sa Støen.

Verdifull vandring

- Pilegrimsleia er veg for verdifull vandring. Vår arrangements-kalender viser fellesturar og aktivitetar over heile landet, både dagsturar og langvandringar. Nokre plassar kan ein berre møte opp, andre gonger er det påmelding. Pakketurar med mat og overnatting er inkludert, seier Støen frå talarstolen, som legg til at ein kan dra på eiga hand.

Langtidsplana, som gjeld fram til 2037 har visjon og ambisjon. Pilegrimsleia, ei reise som bær, er visjonen. Ambisjonen er at Pilegrimsleia, St. Olavsvegane til Trondheim, skal vere ein av dei viktigaste pilegrimsturane i Europa, og ei kjent og ettertrakta oppleving i Norge.

Stor interesse for pilegrimsferd

Støen skapar engasjement i sitt truverdige foredrag. Ho er tydeleg og formidlar det ho brenn for på ein forståeleg måte. Det var også tilbakemeldingane frå dei frammøtte.

Ho snakkar om den store interessa for pilegrimsferd dei siste åra. Fleire som var tilstades i Vestnes kyrkje, meinte at



Laila Helene Støen og organist Jostein Maude saman med damene i Undervisningsutvalet i Vestnes sokneråd: Ruth Johanne Bårdsnes, Sissel Schiøtt, Jorunn Eriksen (skjult), Tone Roaldsnes, Jorunn Fjeldheim og Solveig Bergset

interessa for pilegrimsferd frå både unge og eldre kan botne i behov for avkopling frå den digitale verda som alle har blitt ein del av.

Heile året er det mogleg å reise som pilegrim. Det har mange fått med seg. Støen med fleire har mykje dei ønskjer å satse på framover.

- I hundrevis av år var det utenkjeleg for ein lutheranar å gå pilegrim. Den lutherske pilegrimstradisjonen vart på sett og vis starta av Bjørnstjerne Bjørnson, uttalar Øyvind Norderval.

- Ei spektakulær og vakker reise langs kysten med fjordar, øyer, holmar og skjær - ein saga frå viking til pilegrim, var noko Laila Støen avslutta med.

"Sjølv den lengste reisa byrjar med eitt steg", stod det å lese i "Pilegrim i dag", eit magasin som var lagt fram for gratis lesing. "Det bur ein pilegrim i oss alle", var eit anna sitat.

Pilegrimsleia som pilotprosjekt

Hans-Jakob Dahl skriv i ein av sine artiklar at rundt olsoktider i fjor var det 25 år sia ei gruppe langvandrarar kom fram til målet i Trondheim. Slik vart Pilegrimsleia opna. Pilegrimsleia vart eit pilotprosjekt i verdiskapingsprogrammet til Riksantikvaren. Prosjektet hadde fleire gode målsettingar.

Viktigare enn å sjå seg tilbake, er å tenkje framover, var eitt av gullkorna til forfattar Hans-Jakob Dahl.

Dei nye sokneråda i Vestnes

Foto: Tormod Lien, Beate Løvik, Asbjørn Gislås og Ivar Magne Bergheim

Vågstranda sokneråd



Inger Marie Henriksen Talberg, Ingrid Aanes, Arvid Johannes Hernæs (vara), gjenvalgt leder Atle Astrup, Torill Hammerbukt Heggdal (vara) og Liv Hjelvik Astrup. Ikkje til stades: Ragnhild Marianne Pedersen og Cato Hansen (begge vara).

Vike sokneråd



Framme frå venstre: Olha Lyakhovyn, Wenche Rødal, Liv Randi Sæther Balstad. Bak: Anna S. Vollen Balstad, Oddbjørn Eik, Emil Balstad, Geir Olav Frostad, Liv Gunn Gislås. May-Britt Kismul og Ørjan Tangen er ikkje med på biletet.

Vestnes sokneråd



Frå venstre: Mona Aas, Astrid Haldis Reistad, Bente Langset, nestleiar Mildrid Valle, Anne Stige Beck, leiar Tone Roaldsnes Gunnar Rafteseth, Chris Daniel Isvik Tafjord og sokneprest John Sylte. Elina S. C. Tomren er ikkje med på biletet.



Det nyvalte Vestnes sokneråd, blir under ei enkel markering på Kyrkjekontoret, ønska lykke til av soknerådet som nå går av.

Tresfjord sokneråd



Fra venstre bak Harald Bjermeland, Magnhild Bjermeland, Lars Helge Eidhamar, Oddgeir Lindset, Ørjan Hoem Sylte. Foran Ellen Andreassen og Turid Skorgen 1.vara.

Fiksdal sokneråd



Frå venstre: Reidunn Johanne Drabløs Oterhals, Ann Iren Fylling, Ola Nakken, Gunn Lisbeth Gjelsten, Arve Rekdal (1. vara), Thor Ringsby, Petter Inge Bergheim (4. vara), Anne-Grethe Stige Bergheim.

Aktivitetsdag på Vike Friluftsbad for nye innbyggjarar i Vestnes kommune

Tekst: Ellen Edvardsen. Foto: Sølvi Heggdal

Ein nydeleg sommardag først i september hadde Vestnes Diakoniutval invitert alle nye innbyggjarar i Vestnes til Vike Friluftsbad. Der kosa vi oss med mykje god grillmat, kake, svele, kaffi og brus. I tillegg fekk både vaksne og barn nok av utfordringar då alle gjekk gjennom ei aktivitetsløype...

Her måtte ein svare på diverse spørsmål, spytte rosin lengst mogleg og gjette kva ting som var i ein kasse, med bind for auga...

Ein kunne gjerne tenkje seg at fleire ville nytte seg av tilbodet, men både store og små storkosa seg i sola på ein fantastisk flott plass



Besøk på kulturskulen

Av Marit Ellen Lund Salthammer



8. mai hadde kulturskulen besøk av den polske pianisten Greg Niemczuk.

Niemczuk er på turné i området.

Han spelte litt for oss, og nokre elevar frå Vestnes og Rauma fekk speletime i kyrkja.

Nede frå venstre: Inge og Justin

Bak frå venstre: Josefine, William, Greg, Gabriel, Angela og Celina

2-års samling i kyrkja

Søndag 22. oktober var det 2-års samling i Vestnes kyrkje som starta med matservering med vaflar for familiane som kom. I alt det kom seks 2-åringar med familiar som fekk med seg ei kjekk sangstund og fortelling med historia om sauen som blei funnen. Etterpå fekk dei sjølve leite etter kosebamsesauer som var gøymt rundt omkring i kyrkja. Til slutt fekk dei kvar si bok med historia om sauen som vart funnen.



Nokre av 2-åringane som var med på toårs-samlinga.

Adventskonsert med Ine og Edvard Hoem

Vike kyrkje 16. desember kl 18.00



Denne laurdagen i adventstida ønskjer vi velkomen til ei fin og sjeldan konsertoppleving i Vike kyrkje.

Sidan 2021 har far og dotter turnert med konserten «Alt vi har kjær», med nyskrivne tekstar av Edvard Hoem tonesett av dottera. November og desember 2023 turnerer Ine og Edvard med adventskonserten «Å, signa natt». Edvard les adventstekstar frå romanene sine og Ine syng den folkekjære gjen-diktninga av «O, helga natt» (Å, signa natt) i tillegg til fleire julesongar ho har gjeve ut dei siste åra: «Å, menneske ved juletid» og «Jamn vegane for Herren» med fleire.

Far og dotter Hoem har opplevd stor suksess på kvart sitt felt. Edvard Hoem har gledd lesarar over heile Noreg gjennom fleire generasjonar, blant anna med romanane om forfedrene hans som utvandra til Amerika. Ine Hoem har gjort stor suksess med sin smakfulle visepop, med songar som «Jeg vil aldri hjem» og «Vi trenger ikke hage vi».

Vi vil også nemne at Edvard og Ine har ei tilknytning til Vestnes, fordi dei har deler av slekta si her.

Vike sokneråd

Tradisjonelle adventskonsertar i kyrkjene i Vestnes i 2023

10. des. Vestnes kyrkje kl. 18.00
Arr. Tomrefjord songlag

17. des. Tresfjord kyrkje kl. 19.00
Arr. Tresfjord Janitsjar

17. des. Fiksdal kyrkje kl. 19.00
Arr. Fiksdal/ Rekdal Janitsjar

11. des. Vågstranda kyrkje kl. 19.00
Arr. Vågstranda sokneråd

I Vågstranda blir det variert musikk med dyktige og kjente aktører. Fiksdal Mannskor, Tomrefjord songlag, Lars Josteins, Vestnes musikklag og Dâm og Drag.

Tomra brass band Konsert Vestnes kyrkje

9. des. kl 18.00

Tomra Brass Band har i år igjen gleden av å invitere til en fin og tradisjonell førjulsconcert i Vestnes kirke lørdag 09.12. kl.1800. Det vil bli masse fin julemusikk, og i år har vi vært så heldige å få med oss Julia Fjærli som sangsolist. Julia er fra Tomrefjord, startet sin musikalske karriere i Tomrefjord Skulekorps. Hun har videre studert opera i Stavanger. Det er en ære for oss i TBB å få spille sammen med Julia. Kom og bli med oss på en fin førjulskveld og senk skuldrene i ei hektisk førjulstid.

Billetter kjøper du i døra eller på Tikkio.

Billettpris voksen 250kr

Barn kr. 100

Skolekorps medlemmer gratis.

<https://tikkio.com/tickets/42718-julekonsert>

Julekonsert med Vaffeltausene, Vågstranda kyrkje

I år kjem Vaffeltausene attende til Vågstranda kyrkje for å ha julekonsert fredag 8. desember. Denne gongen har dei med seg gruppa Smeis, som dei har samarbeidd med denne jula. Vaffeltausene består av Marit-Ellen Lund Salthammer (vokal/piano), Janne Iren Holseter (vokal/piano) og Elin Dyrkorn (vokal/fele), ho er også med i Smeis. Dei består i tillegg av Kristina Bjørdal Farstad (trekkspel), Halvor Hovden (bass), Stefan Olsen (gitar), og Robert Lien (trommer). Konserten innheld alt frå julefavorittar, folketonar, Marit-Ellen sine egne komposisjonar, til julejazz og a capella song m.m. Dei skal også til Sjøholt kyrkje, Tresfjord og teaterfabrikken i Ålesund denne helga, men premiere-konserten kan du få med deg på Vågstranda på fredagen. Julestemning er garantert og inkludert i billetten!

Velkommen på konsert.

(Meir info om konsertane kan finnast på facebooksidene til gruppene)

Konsert i Vestnes kyrkje 7. des. kl 19.00

Vi er en duo fra Molde som skal holde vår aller første juleturné med navnet «Julero» i Molde omegn.



Vi, Tanja Holen og Cathrine Eidskrem, synger tostemt og lager alt av arrangement på kjente tradisjonelle norske julelåter.

Vi gleder oss til å komme til Vestnes for å skape juleoro.

Billetter kr 200,- på Tikkio.com eller vipps i døra i kyrkja.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

02.04 Johanne Baade Fiksdal
09.04 Leah Stokkeland Øverland
09.04 Ragna Venås Rishaug
02.05 Kenni Eyiram Dogbey
28.05 Mikael Rokstad Eik
28.05 Jonatan Lippert Djupvik
28.05 Lukas Cornelis Bjørlykhaug
28.05 Agnes Sponberg Neraas
28.05 Colin Korsnes Larsen
28.05 Emilia Hatlehol
25.06 Emilian Bech Nyheim
09.07 Gabriel Kirkeslett
09.07 Maja Sofie Vereide Wahlstrøm
23.07 Eira Frostad Olafsen
27.08 Ludvig Vestre
27.08 Kornelia Haugen Langstein
27.08 Synne Øverås Kosberg
17.09 Sofie Øverås Misfjord
17.09 Ulrik Nerbø
17.09 Noah Hovde Nakken
17.09 Elena Øverås-Lid
01.10 Gustav Vestnes Gimnæs
01.10 Sarah Kjersem Tomren
15.10 Nils Overaa Hildremyr
15.10 Alma Karlsen Sunde
15.10 Leah Marie Sagen Evensen
15.10 Wilma Sylte Djupvik

Vigde:

08.07 Arve Bjerknes og
Cleoneice Fontenele Dos Santos
08.07 Solveig Bårdsnes og
Filip Andre Larsen Tomren
29.07 Cecilie Djupvik Brendeløkken og
Ulrik Lysebo
19.08 Bjørn Magne Aas og
Lise Helseth Horsgård
02.09 Nina Fiskerstrand og Eyvind Røed

Døde:

12.04 Mary Hofset Rekdal

17.04 Roger Olav Tomren
16.04 Helma Misund
25.04 Gjertrud Djupvik
01.05 Marit Skeide
12.05 Kjell Arne Furseth
14.05 Svanhild Mork
20.05 Petra Ingrid Frostad
22.04 Greger Gjelstenli
07.06 Lars Brastad
15.06 John Flate
19.06 Kjellaug Marie Domaas
20.06 Asbjørn Leif Herje
25.06 Tipyarat Tumma Vik
10.08 Per Emil Øvrebo
15.08 Miranda Verhaeren
07.08 Mary Borgny Flate
30.08 Marie Domaas Uri
26.09 Jorunn Inger Bergum
27.09 Ivar Tomren
21.10 Sonja Helene Vik
31.10 Marry Oddrun Gjelsten

Vike kyrkje

Døpte:

13.05 Kåre Teodoro Crispim Tomren

Døde:

02.05 Aud Røberg Lindset
06.09 Leiv Vike

Fiksdal kyrkje

Døpte:

09.09 Mia Rekdal-Haugen
29.10 Emilie Sæhl Løvik

Døde:

13.04 Elsa Helen Søberg
23.05 Eivind Nakken
06.07 Lill-Ann Holst Borgen
01.08 Palma Gunhild Gjelsten
12.08 Per Rekdal
01.09 Kirsten Olga Tomren
30.09 Bjørn Sveia

11.10 Gudrun Johanne Løvbukt
30.10 Oddrun Straume

Tresfjord kyrkje

Døpte:

02.04 Ann-Christin Skystedt
02.04 Emil Rypdal Elvebakk
02.04 Lotta Rypdal Elvebakk
10.04 Mie Budeng-Alnes
30.04 Viktor Sørheim Lindset
20.08 Leon Sjøholt Hovde
20.08 Ola Kjersem Havrevoll
10.09 Eilif Mjøs Villa
08.10 Live Neergård Rødahl
08.10 Leah Domaas Longva
08.10 Jenni Emilie Beinset

Vigde:

25.03 Anton Andreas Hansen og
Ida Elise Sylte Gjerde
01.07 Kristin Fiksdal og
Martin Bjermeland
16.09 Laila Eik Frostad og
Jarl Asbjørn Aronsen

Døde:

07.04 Anna Almenning
13.04 Jostein Ottar Rypdal
23.04 Jonas Eidhammer
21.05 Ola Almenning
30.05 Leif Hilberg Paulsen
(gravl. Ålesund)
24.07 Martinus Løvik
19.08 Ann-Kristin Vestnes
10.09 Arne Jostein Kristiser

Vågstranda kyrkje

Døde:

27.04 Odd Sigmund Reistad
16.07 Erlend Kormeset Reistad
22.07 Bård Magne Våge
02.08 Osvald Hjelseth

Gudstenester i Vestnes

10. des. 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Stella Maris kl. 16.00

Høgmesse.

24. des. Julaften

Vestnes kyrkje kl. 13.30

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 15.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Vike kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste. Takkoffer til

Misjonssprosjektet i Nepal.

Tresfjord kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjestova.

25. des. 1. Juledag

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

Det norske Misjonsselskap.

Vågstranda kyrkje kl. 14.00

Høgtidsgudsteneste.

Takkoffer til Frelsesarmeen.

Framhald neste side.

Gudstenester i Vestnes

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten. I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no

26. des. 2. juledag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Evangeliesenteret.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til

Sjømannskirka.

07. jan. Kristi openberringsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 16.00

Nyårsfest. Takkoffer til

eigen kyrkjelyd

14. jan. 2. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen

kyrkjelyd.

21. jan. 3. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Takkoffer til

Søndagskulen Romsdal krets.

28. jan. Sámannssøndag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen

kyrkjelyd.

04. feb. Kristi forklaringsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

11. feb. Fastelavnssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste for Tresfjord,

Vike og Vågstranda.

Utd. til 3. klasse. Takkoffer til

Misjonsprosjektet Madagaskar.

14. feb. Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriftemålgudsteneste.

18. feb. 1. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Misjonsprosjektet i Nepal.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer.

25. feb. 2. s. i fastetida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til K.N.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til

KRIK Vestnes.

03. mars 3. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Økumenisk gudsteneste.

Takkoffer til Misjonskirken.

10. mars 4. s. i fastetida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. klasse. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Årsmøte.

17. mars Maria bodskapsdag

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

24. mars Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjestova.

28. mars Skjærtorsdag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Barnevakten.

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Takkoffer til

eigen kyrkjelyd.

29. mars Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

Stella Maris kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

31. mars Påskedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgtidsgudsteneste.

Takkoffer til Israelsmisjonen,

01. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Kirkens Nødhjelp

07. april 2. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Felles Misjonsgudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

14. april 3. s. i påsketida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Mercy Ships.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer.

17. april onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Ung messe, Tomrefjordkonfirmanter

24. april onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Ung messe. Vågstranda-, Vike- og

Tresfjord-konfirmanter. Takkoffer.

28. april 5. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

02. mai torsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Ung messe, Hellandkonfirmanter.

Takkoffer.

04. mai. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon Tomrefjord.

Takkoffer.

09. mai Kristi Himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Helland,

gruppe 1. Takkoffer.

Vågstranda kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 12.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

13. mai Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Helland,

gruppe 2. Takkoffer

Vippsnr. for ofring:

Vestnes sokn: 108523

Vike sokn: 89676

Tresfjord sokn: 513574

Fiksdal sokn: 555355

Vågstranda sokn: 502023

Foto: Reidun Blø